



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Martin Søgner, 5764 3079

Høyringsfråsegn - landbruksveg - Alver - 56/12 - Hundvin

Vi viser til høyring på søknad om bygging av landbruksveg klasse 8 på gnr. 56 bnr. 12 i Alver kommune. Vegen er planlagd med 786 meter ny veg. I søknaden står det om tiltaket at det er 140 dekar produktiv skog, og det er 500 kubikkmeter hogstmoden skog. Interesser i vegen er opplyst å vere 100 prosent skogbruk, altså totalt 100 prosent landbruksinteresser. Kommunen har sendt saka til uttale, jf. *forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier* § 3-1, jf. § 1-1.

Føremålsparagrafen i landbruksvegforskrifta seier «*Formålet med denne forskriften er å sikre at planlegging og bygging av landbruksveier skjer på en måte som skal gi landbruksfaglige helhetsløsninger. Det skal samtidig legges vekt på hensynet til miljøverdier som naturmangfold, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og løsmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av veiframføringen*»

I slike høyringssaker går vi ikkje detaljert inn i dei vurderingane som må gjerast i saka, dette fordi det er kommunen som er den ansvarlege førsteinstansen og som skal foreta dei konkrete vurderingane i forhold til regelverket. De kan finne ein god del informasjon på [nettsida](#) vår som kan vere nyttig, der er det bl.a. lenker til regelverket og aktuelle rundskriv.

Vi har gjort ein kort utsjekk av miljøinteressene i denne konkrete saken, og så vidt vi kjenner til er det ikkje viktige naturkvalitetar eller miljøverdier som vert råka av dette veganlegget. Vi har også vurdert landbruksinteresser, og har heller ingen merknader her.

Med helsing

Martin Søgner
rådgjevar



Kopi til:

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Postboks 7900

5020

BERGEN